

LES FOR MEG!

TEO I TRØBBEL

Av Solveig Blindheim
Bendixen
Mangschou 2011

Teo har loge for dei andre i klassen. Han har sagt han kan symje, men det kan han jo ikkje. Og no har læraren sagt at dei skal ha bading kvar veke. Kva skal han gjere no? Det blir ikkje enkelt for Teo, for kva er eigentleg ei veke? Og korleis skal han kome unna løagna si, som forresten somme i klassen ikkje heilt trur på likevel.

Ja, korleis skal ein kome seg ut av ei slik knipe? Dette er eit godt spørsmål, og eg må medgje at eg vart svært forviten på korleis forfattaren ville få Teo ut av dette. Uansett kva løysinga måtte vere, ville ho vel medføre eit etisk dilemma eller to? Eller i verste fall vere ei tøvete kvasiløysing?

Teo får det til, han, så mykje kan vi seie utan å avsløre alt. Denne lesaren er i alle fall fornøgd med sluttan.

Teo i trøbbel er den første boka til Solveig Blindheim Bendixen. Forfattaren jobbar sjølv i småskulen, så ho skriv om kjende miljø og problemstillingar. Forlaget tilrår boka for barn mellom 5 og 9 år.

Toyni Tobekk

SØLVÅT OG STJERNEVIND

Redaktørar: Per Olav Kaldestad og Hanne Bramness
Mangschou 2011

Dette er ei festbok for alle som brenn for barnelyrikk. 16 etablerte lyrikarar har skrive nye eller gjendikta eldre dikt. Og alt saman er illustrert av Øyvind Torseter, Inger Lise Belsvik, Akin

Duzakin, Harald Nordberg og Hilde Kramer. Men så har ikkje boka låge ambisjonar heller, ho tar nemleg mål av seg til å bli den nye barndiktboka. På mange måtar vil ho truleg klare det.

Dikta har stor spennvidde i tema, form og i alderen på barna som dikta er retta mot. Her er fleire krevjande dikt som fører til at barna kan vekse med samlinga, samstundes som dei fleste kan finne noko som treff dei. Mange av dei yngste lesarane vil også ha minst like stor glede av dei grafiske grepa, ikkje minst er dialogen mellom teksten og illustrasjonane i mange tilfelle sterke og gode. Det er ikkje alltid det fungerer når sjølle teksten blir brukt som eit grafisk verkemiddel, men til dømes i diktet *De slemme slangene i Oslo* skrive av Cathrine Grøndahl klarer illustratør Inger Lise Belsvik å få teksten som slynger seg

nedover sidene, til å fungere.

At det grafiske uttrykket varierer, gjer også samlinga variert og mangfaldig. Boka er tiltalande å sjå på. Du får lyst til å setje deg ned med samlinga når du blir møtt av ei framside som både er detaljrik, fargerik og har overraskande og kreative teikningar. Hilde Kramer sine fargesterke og samansette illustrasjonar er i tillegg eit høgdepunkt på den lyriske reisa.

Denne samlinga fungerer godt, både for høgtlesing og for dei av barna som ynskjer å lese sjølv. Høgtlesinga blir også forsterka av at dei minste kan fylgje rytmen og forma i dikta rein grafisk, slik vil dei også få forsterke den rytmiske opplevinga av dikta. Og kanskje vil nokon oppdage at eit dikt også kan vere utan rim og rytme?

Dette er ei diktsamling å ta med seg vidare.

Judith Sørhus Littlehamar



PAPPA ER SJØRØVAR

Av Hans Sande,
illustrert av Silje Granhaug
Cappelen Damm 2011

Pappen til Tuva er ikkje heilt som andre pappaer. Kvar sommar blir han nemleg sjørøvar, og reiser med den svære tankbilen sin for å røve ein innsjø.


Dette er ikkje ei førseieleg forteljing på nokon måte. Eg trur ikkje eg vil røpe for mykje av det som skjer, for då øydelegg eg overraskinga. Men det som er, er at pappaen til Tuva ikkje er ein sjørøvar som stel gull og skattar frå skip ute på havet. Han bruker piratverksemda si til det gode. For å få til dette nyttar han tankbilen sin, og denne sommaren er Tuva stor nok til å få vere med.

Meir vil eg faktisk ikkje seie, men Tuva får ei reise som ho ikkje kjem til å gløyme.

Eg kjenner at eg liksom sit og gaper litt med munnen endå etter å ha lese denne boka. Ho var så ulik alt anna eg nokon gong har lese. Eg var lenge usikker på om det var ei slags sann forteljing eg las, eller om det berre var oppspinn. Eg er framleis usikker.

Illustrasjonane til Silje Granhaug er detaljrike og morosame. Dei er ifølgje Wikipedia «digitale kollasjar av fotografi og frihandsarbeid som maleri og teikning. Uttrykket er ofte både ekspressivt og følsomt.» Det er eg samd i.

Elin Moen Karlsen



KOM, LA OSS LAGE FEST!

Av Björk Bjarkadóttir
Samlaget 2011

Dyra i Solskogen skal lage vårfest. Det blir travelt. Somme av dyra sov, somme berre tullar og tøysar, og dei som jobbar på, treng hjelp.

I denne boka spelar lesaren ei ganske stor rolle. På kvar side blir nemleg barnet invitert til å delta: Kan du tørke dyra som badar, kan du blåse på når sebra har vondt, eller vere med og rope litt på dyra? Slik held det fram gjennom heile boka, og som rimeleg er, vankar det også skrøyt til slutt til den som har vore flink til å hjelpe til.

Det er nesten så ein skulle sett at denne boka hadde vore i stiv papp, for når dyr skal kitlast og kyssast og masserast, så må det til slutt synast att på boksidene. Men det gjer ikkje så mykje, og uansett så vil dette vere ei bok mange av dei minste vil ha stor glede av å ta del i. Tenk å få vere med i ei bok!

Toyni Tobekk

KNOTERUD FK I NORWAY CUP

Av Lars Mæhle, teikningar av Steinar Moldestad
Cappelen Damm 2011

Ei morosam forteljing om å lukkast mot alle odds. Ikkje lukkast på den måten at ein er best og når heilt til

toppen, men lukkast på den måten at ein klarer å prestere betre enn både ein sjølv og andre hadde trudd.

For sjølv om Hauk IL Raud er overlegne i både fysikk og teknikk på fotballbanen, har Knoterud FK noko anna. Dei har tru på kvarandre, og dei har eit sinne som dei klarer å nytte til noko konstruktivt.

Så får det heller vere at dei ikkje vinn kampen. Det er dei vane med. Men dei klarer å gi tøffingane på Hauk IL Raud god og uventa motstand. Og ikkje minst – dei klarer å hindre dei hovmodige motstandarane i å gå vidare i Norway Cup.

For som kjent er eigen suksess vel og bra, medan andre sin fiasco heller ikkje er å forakte.

Forteljinga er den same gode David mot Goliat-forteljinga som vi har hørt fleire gonger. Endinga er ikkje heilt som i historia frå Bibelen, og vermekind-dela som vert brukte, er litt anngleis, med humor og merkelege karakterar som Geir Ludvigsen, far til ein av spelarane på Hauk IL Raud og journalist i Byavisa, men det er historia om dei små mot dei store, dei som ingen har tru på, mot dei som alle har tru på.

Eit anna ordtak som passar godt til denne forteljinga, er «Hovmod står for fall».

Jammen får ikkje Lars Mæhle plass til ei litta kjærleksforteljing også i Leseløve-boka. Teikningane til Steinar Moldestad er morosame og uttrykksfulle, spesielt liker eg framstillinga hans av terrieren Renate. Teikningane står godt til innhaldet i forteljinga.

Elin Moen Karlsen

HENRIK AND

Av Anna R. Folkestad
Samlaget 2011

Henrik And er ei heilt vanleg and som byrjar å lure på

korleis det ville ha vore å vere noko anna. Ein katt, ein hund eller ei flaggermus. Men er det så mykje betre å vere noko anna enn seg sjølv?

Henrik And er ei sympatisk bok om det å finne ut kor godt ein eigentleg har det som seg sjølv. Det er fornøyelag å sjå korleis Henrik ser ut som katt eller hund i ein andekropp, og samstundes lett å sjå kor tilfreds han er når han finn seg sjølv på siste side.

Boka om Henrik And er rykande fersk. Ho vart lansert på Stord, heimpllassen til forfattaren, i august. Det må vere lov å håpe at vi får møte Henrik And att i fleire bøker framover.

Toyni Tobekk

HEIDI

Av Johanna Spyri, omsett av Haldis Moren Vesaas, illustrert av Tonje Strøm Samlaget 2011

Boka om Heidi er 130 år gammal, men klarer framleis å gripe nye leesarar i alle aldrar.

Den kvikke og foreldrelause småjenta Heidi kjem og skal bu hos bestefaren sin i dei sveitsiske Alpane. Bestefaren er ein inneslutta einstøing, men med Heidi si hjelp blir li- vet hans lysare og rikare. Dette går også andre vegen.

Historia om Heidi har blitt gitt ut fleire gonger og på fleire språk, både som bok og som serie og film. Sjølv har eg både blitt lesen for, lese sjølv og sett historia på tv. Det var likevel ikkje noko problem å oppleve forteljinga igjen.

Johanna Spyri sine fargerike skildringar, omsette frå tysk til norsk ved Haldis Moren Vesaas, er enkle, men likevel effektfulle. Dei speglar stemningar i både menneske og natur.

Utgangspunktet for forteljinga er trist, men så kjem Heidi til bestefar, og alt blir mykje lysare og gladare. Så blir Heidi send bort til storbyen, og historia blir igjen trist,

før den vesle jenta får kome tilbake til geitene, granene, bestemor, Peter og ikkje minst bestefar.

Ei forteljing om å ha eit dårleg utgangspunkt for eit godt liv, men at det likevel kan snu, og ei forteljing om at det aldri er for seint å snu og velje det gode.

Elin Moen Karlsen

EG SPØR/ EG TØR

Operasjon hemmelig/ Slange i paradis
Av Bente Bratlund
Mangschou 2011

Forelsking, sjalusi, vennskap, glede, skuffing, spenning, oppturar og nedturar. I Bente Bratlund sine lettestbøker om Hanna & Emma i og 2, 3 og 4, møter vi Hanna, som kjem opp i ulike situasjonar, meir eller mindre friviljug, saman med besteveninna Emma.

I *Eg spør/Eg tør* ønskjer Hanna seg kjærast fordi Emma har kjærast. Hanna er tøff og tar grep sjølv, for så å få seg ein kraftig smell. Men ting ordnar seg til det betre.

I *Operasjon hemmelig* vil Hanna og Emma ordna med kjærast til mora til Hanna. Men det er ikkje alltid ting går slik dei har tenkt.

I *Slange i paradis* blir sydenturen ikkje heilt slik Hanna hadde tenkt seg. Kjærasten Sjur får seg ein ny ven, og mora møter også ein ny ven. Brått er det ingen som legg merke til om Hanna er der. Kan hende er det like greitt at ho rømer ...

Bratlund tek lesaren med på spennande og kjenslege reiser og treff nok mange unge jenter og gutter med desse bøkene. Sjølv om bøkene i hovudsak er for unge leesarar frå 8-årsalderen, er det god underhaldning også for vaksne. Det er lett å bli riven med i forteljingane til Bratlund. Det er lett å minnast dei sterke kjenslene som riv i ein som

ung, og som der og då er så alvorlege, men som når ein ser tilbake på dei i ettertid, ikkje er så alvorlege likevel.

Astrid Eidhammer Hjelmeland

ENDELIG SMÅSØSKEN – ENDELIG BÆSJ

Av Camilla Lundsten
Samlaget 2011

Endelig-bøkene har me også møtt tidlegare. Dette er robuste og gode peikebøker for dei minste. No kjem den svenske illustratøren Camilla Lundsten med to nye bøker i serien, nemleg *Endelig småsøskan* og *Endelig bæsj*.

Desse bøkene er fargerike, detaljrike og gode å halde i og ikkje minst bla i. Her møter me dei fargerike figurane Kanina, Veslefanten og Makkus. Og Mammafanten og Pappa-fanten. I Endelig småsøskan lurer Veslefanten veldig på kvifor mammafanten har fått så stor mage. Er det fordi ho har ete for mykje, tru? Men inni magen til mammafanten ligg det ei lita svart søster som skal heite Minifanten. Og Veslefanten gler seg til søstera kan vere med og spele fotball, eller endå betre, til ho kan stå i mål.

Peikebøkene til Lundsten handlar om kvardagslege hendingar og blir fortalte på ein måte som er lett å forstå, også for dei minste. Mange av borna vil kjenne seg igjen i Veslefanten som skal lære seg å gå på do på potta, og når Veslefanten går rundt og ventar på nye søsken.

Dei sterke fargane og den artige streken gir dessutan bøkene innhald heilt utan tekst, og gjer at forteljingane fungerer godt som eit av dei første møta dei minste får med bøker og litteratur. Dermed klarer teksten å utfylle teikniane på ein god måte.

Judith Sørhus Littlehamar

BARNAS EIGNE VITSAR

Redigert av Nana Rise-Lynum og Ragnfrid Trohaug, illustrert av Anna Fiske
Samlaget 2011

I Barnas eigne vitsar finst vitsar som passar for alle høve og alle typar humor. Ja, dei er for barn, men mange av dei er minst like morosame for vaksne. Ei ypparleg bok for ei hyggjestund med både barn og vaksne, med andre ord.

Barnas eigne vitsar er sende inn av leesarane av Norsk Barneblad. Nokre av vitsane er gode og gamle, medan andre er gamle og kanskje ikkje fullt så gode, men humor er jo personleg.

Vitceboka er delt inn i 10 kapittel etter tema, slik at viss du ønskjer å fortelje ein svenske-vits eller ein skule-vits, så kan du berre gå til kapittelet som har slike vitsar.

Sjølv lo eg best då eg las vitsane i kapittelet om dyr og grønsaker. Elefant-vitsar sluttar liksom aldri å vere morosame. Her er nokre døme:

Kva gjør elefantane når dei ikkje veit kor mykje klokka er?

Dei går inn i urskogen og ser etter ...

Ein elefant måtte så veldig på do, og det var eit stort ørend. Ei mus var så uehdig å stå akkurat i nedslagsfeltet.


– Åsj, og så midt i auget ..., sa musa.

Det einaste som eg har å utsetje på vitceboka, er at det av og til verkar som om redaktørene har hatt det litt vel travelt. Eg oppdaga fleire stader at dei hadde gløymd å ha med eit ekstra avsnitt, slik at eg allereie var langt inn i neste vits før eg forsto at det faktisk var ein ny vits.

Elin Moen Karlsen



Returdresse:
Pirion
Næringsbedet
i Vatlandsåvg
4235 Hebnes
NORGE



www.pirion.no



PIT PARION

KUNST ER NOKO SOM GJER FOLK GLADE

Det var ein gong eit par barnehagar som var så opptekne avvêret. Det er ikkje så rart, sidan vêr er eit samtaleemne som opptek oss alle.

Særleg sommaren 2011.

Dei to kommunale barnehagane i Ringebu kommune (Oppland) har det siste barnehageåret vore meir enn vanleg opptekne av vêret. Vêr og vêrtihøve sett frå barn sitt perspektiv har difor vore eit prosjekt fram til juni i år.

Prosjektaarbeidet i Fåvang barnehage og Ringebu barnehage har vorte til ei spanande fotoutstilling på Ringebu prestegard/Ringebusamlingane. Utstillinga har namnet *Vær sett med barns øyne – en fotoutstilling med fotografier tatt av barn*.

Det er ikkje fyrste gongen barnehagane i Ringebu kommune deltek på den såkalla sommarutstillinga ved Ringebusamlingane. I vognskjulet på den tidlegare prestegarden har barnehagane i kommunen fått sitt eige galleri. I år er det femte gongen barnehagebarn kan stille ut arbeida sine saman med Jacob Weidemann og ei rekke andre kunstnarar frå inn- og utland.

Det er to kommunale barnehagar i Ringebu, i tillegg til den private Venabygd montessoribarnehagen og tolv private familiebarnehagar. Det varierer frå år til år kor mange av barnehagane som deltek på sommarutstillinga på Ringebu prestegard.

Prestegarden er no museum og galleri eigd av Stiftinga Ringebu prestegard. Det har i fleire år vore nært samarbeid mellom stiftinga og barnehagane.

Ole Brum,
Ola Tveiten eller Barbie,
kor hentar barna
opplevingar frå?



TORILL SPERRE ER:

Førskulelærar/fagleg retteliar og kulturarbeidar.

Utstillinga i år, med bilete tekne av barn i alderen 3–6 år, er på same tid ei kunstutstilling og ei barnehagefagleg utstilling. Pedagogar og pedagogiske medarbeidrarar har gjennom fleire år utvikla god kompetanse i å synleggjere det pedagogiske arbeidet sitt gjennom dei årlege utstillingane.

Her er profesjonell lyssetjing, bileta er godt plasserte, og nokre av dei er i storformat på lerret. Utstillinga utgjer med sine mange bidrag ein estetisk heilskap.

Gjestebok er på plass ved sida av ein informativ plakat, som fortel om det pedagogiske arbeidet som ligg bak fotoutstillinga. Kunstkatalogen, som barnehagetilsette utarbeider i samarbeid med ein grafisk formgjevar, er eit kunstverk i seg sjølv, og fungerer i tillegg som faglitteratur for barnehagetilsette.

Sommarutstillingane er godt besøkte, og sjølv var eg på Ringebusamlingene i juli i lag med nokre barn og vaksne som eg skjøna høyrd til i ein av dei lokale barnehagane. Med tydeleg stoltheit var dei to jentene på om lag 5 år omvisarar for dei vaksne. Dei gjorde greitt greie for prosessar og metodar dei hadde vore med på undervegs.

Barnehageutstillingar kan vi som oftast finne i barnehagen sine eigne lokale, eller på det lokale biblioteket. Meir sjeldan finn vi barnehagar som likeverdige utstillerar i eigna lokale, med eit stort publikum, og som ein integrert del av ein kunstnarisk heilskap.

Mange gler seg allereie til neste sommarutstilling. Utsegna i overskrifta er eit sitat frå ein ung utstiller. Eg tykkjer ho har helt rett, for slik fotokunst er verkeleg noko ein kan bli glad av.

Pirion -kurs Les meir på www.pirion.no

Pirion

Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no